



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Kommunestyret		

Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Vedlegg

- 1 Folkemusikkscena på Rauland.pdf
- 2 UL Dølelaget.pdf
- 3 Haukelirennenet.pdf
- 4 Helterennenet.pdf
- 5 Gaukenfestivalen
- 6 Kirkens SOS.docx
- 7 Dokumentarfilm om Odd Nordstoga
- 8 Landskappleiken

Dokument i saka

Økonomiplan 2025-2028

Prop. 1S (2025-2026)

Lenke til Framsikt: https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2026/vinje_gmltenant/25caca80-31a4-4a84-98c2-19c71b699a35/bm-2026-formannskap#/home

Samandrag

Budsjettet har ei totalramme på kr 840 mill. i 2026 og ein investeringsplan på kr 108 mill. i 2026 og totalt kr 395 mill. i økonomiplanperioden. For å kunne legge fram eit budsjett i balanse er det føresett høg bruk av næringsfond og konsesjonsavgiftsfond. Dette fører med seg at me vil ha lite oppsparte midlar dersom noko uføresett skulle skje, eller føresetnader / rammevilkår for budsjettet ikkje blir som ein har tatt utgangspunkt i.

Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har anslått at kommunesektoren får vesentleg større kostnader knytt til den demografiske utviklinga. På lik line med mange andre kommunar er det i åra som kjem behov for å gjera omstillingar i tenestetilbodet som fylgje av ei auke i tal på eldre og nedgang i barnetal. I tillegg ser

kommunedirektøren at det er behov for å gjera ytterlegare fleire grep knytt til utgiftsutviklinga i kommunen, noko som er varsla i ei årrekke.

Økonomiplanen viser eit godt inntektsnivå også dei neste åra, men ein ser at kraftinntektene blir redusert samanlikna med dei høge nivåa ein har sett dei siste åra. Det er også knytt stor usikkerheit til kraftinntektene, då desse er avhengig av kommunens eige forbruk og prisutviklinga. Ein god del av kraftmengda er sikra for 2026 (omlag 70 %), men det betyr også at ein kan få større utslag på resterande kraftmengde. Kommunedirektøren rår til at det blir halde av midlar på disposisjonsfondet til å handtere svingingar, som kan bli betydelege. Dei siste åra har ein også sett stadig fleire «angrep» på dei økonomiske ordningane som kraftkommunar nyt godt av. Vedtak som blir oppfatta som «ekstravaganse» kan bidra til å forsterke desse angrepa. Kommunens kraftinntekter utgjer i 2026 heile kr 252 mill. Trass dette høge inntektsnivået er budsjettet avhengig av omfattande fondsbruk for å koma i balanse dersom ein ikkje skal gjera kutt i tenestetilbodet eller reversere tiltak som er innført tidlegare. Dersom ein berre hadde tatt høgde for grunnfinansieringa frå fond som har vore praksis i ei årrekke, så hadde budsjettet vist eit underskot på kr 36 mill.

Kommunen har eit svært høgt kostnadsnivå. Inntektene har auka med 20 % dei siste åra, medan utgiftene har auka med 30 %. Ei slik utvikling er ikkje berekraftig og kan ikkje halde fram. Kommunen har gjennom mange år løyvd midlar til mange ulike prosjekt og driftstiltak, som også går utanom ordinær drift og lovpålagte oppgåver. For å oppnå budsjettbalanse i 2026 (og åra framover) er det føresett ein mykje større fondsbruk enn tidlegare år. Det blir sett i gang ein administrativ prosess for å utvikle organisasjonen med tanke på produktivitet og kostnadseffektivitet. Ein startar med å kartlegge kostnadsdrivarane i tenesteproduksjonen, kor ein mellom anna ser på effektivitet/produktivitet og nivå/terskel for å få tildelt tenester. Det vil også bli naudsynt å evaluere kva for ikkje-lovpålagte oppgåver me skal halde fram med, då hovudfokuset må liggje på å utføre best mogleg lovpålagte tenester til innbyggjarane våre. Slike prosessar tek tid, og kommunestyret bør allereie no ta stilling til korleis ein vil tilpasse seg ein strammare økonomi i åra som kjem.

Høg fondsbruk vil også påverke likviditetssituasjonen til kommunen. Inntektene til konsesjonsavgiftsfondet kjem mot slutten av året. Når det gjeld inntektene til næringsfondet er dei fordela på fem akonto utbetalingar, kor berre 90 % av inntektene blir utbetala i året dei gjeld for – og resterande 10 % blir utbetala året etter. Administrasjonen har ved fleire høve bedt styret i KKST vurdere månadlege utbetalingar, utan å lykkast med å få til ei endring. Dei siste åra har me ved fleire høve hatt for låg likviditet i høve til utgifter og lønsutbetalingar, noko som har ført til at me både har mått bedt om utsett utbetaling av uteståande og uttak av midlar plassert i aktiv forvaltning (fond). Kommunestyret bør ta aktivt stilling til høg bruk av fond og auka gjeldsgrad.

Skatt og rammetilskot er budsjettert i 2026-prisar slik det går fram av KS sin prognosemodell, men vil med stort sannsyn ha ei auke utover i planperioden i tråd med løns- og prisvekst og andre faktorar som spelar inn. Samstundes ser ein at driftsutgiftene er på eit svært høgt nivå. Lønsutgiftene utgjer omlag 60 % av kommunens driftsutgifter, og relativt gode lønsoppgjør får store utslag. Auken i pensjonsutgifter har vore høg og er forventa å vere på eit relativt høgt nivå i åra framover. Kvart år skal løpande pensjonar og pensjonsrettar justerast i tråd med løns- og

prisvekst. Lovnaden om inndekking gjennom rammetilskotet gjeld på makronivå, og Vinje kommune får om lag dekt 1/3 av auken.

Det er tatt høgde for ei framtidig innsparing i 2027 på kr 5,1 mill., ei innsparing i 2028 på kr 9,0 mill. og i 2029 ei innsparing på kr 10,1 mill. Fondsbruken som er lagt til grunn i økonomiplanen, viser ein lågare bruk frå 2027 og framover samanlikna med 2026. Grunna usikkerheit knytt til inntektene frå KKST til næringsfondet, meiner kommunedirektøren at det ikkje er forsvarleg å legge til grunn ein høgare fondsbruk enn det økonomiplanen tek høgde for.

Økonomiplanen viser ei stabil fondsbeholdning gjennom planperioden. Det blir føresett at ein nyttar konsesjonsavgiftsfondet til å finansiere investeringar med om lag kr 20 mill. kvart av dei fyrste tre åra i planperioden, og i tillegg blir det nytta kr 18,9 mill. til å finansiere driftsføremål og avdragsbetaling. Det er som nemnt over knytt stor usikkerheit til kor mykje som blir tilført særleg næringsfondet framover. Pensjonsfondet vil ved byrjinga av 2026 truleg ha ein låg saldo, ettersom meirutgiftene til pensjon i 2025 er betydelege. Med fleire usikre budsjettpostar på inntektssida, rår kommunedirektøren til å vere varsam med å bruke av disposisjonsfondet.

Gjelda aukar samstundes med 13 % frå 2026 til 2029. I 2029 går 12,8 % av frie inntekter til å dekke renter og avdrag, medan talet i 2026 er 11,5 %. Investeringsplanen for 2029 vil truleg bli meir omfattande enn dokumentet tek høgde for.

Det er lagt til grunn låneopptak i kombinasjon med bruk av konsesjonsavgiftsfondet for å finansiere investeringar. På denne måten held ein gjelda på eit noko lågare nivå, medan ein ikkje imøtekjem vedtektene for fondet, der det går fram at ein ideelt sett burde ha ein saldo på minimum eit års inntekter som grunnkapital. Saldo på fondet blir redusert frå kr 24 mill. i 2026 til kr 12,5 mill. i 2028 basert på framlagt økonomiplan.

Det er lagt opp til ein investeringsplan på kr 395 mill. i perioden 2026 – 2029, og av dette er det sett av kr 108 mill. i 2026. Blant dei større investeringane som er føreslått i 2026 kan ein nemne Norheimstunet, bustadfelt Øvre Heddebru/Midtveit, bru Kostveit, ferdigstille ombygging av bankbygget, starte arbeidet på Rauland skule, arbeide vidare med sjukeheim/omsorgsbustader i Åmot, ombygging av Reini til ny målgruppe og beredskapstiltak langs Tjønnegrendvegen. I tillegg har Vinje kyrkjelege fellesråd bede om kr 1 mill. som garanti når det skal søkjast midlar frå kyrkjebevaringsfondet. Vidare i økonomiplanen ligg det større investeringar knytt til utviding av sjukeheimen og omsorgssenter i Åmot, Edland barnehage, Forsvarsmuseet, nytt ventilasjonsanlegg på Vinjehuset, og eventuelt bygging/kjøp av mindre bustader for korttidsleige.

Bakgrunn

Økonomiplan og årsbudsjett 2026-2029 bygger på gjeldande økonomiplan (2025-2028), og forslag til Statsbudsjett for 2026 Prop. 1S (2025-2026). Økonomiplan og årsbudsjett er utarbeidd i tråd med kommunelova § 14-4. Økonomiplanen syner dei langsiktige utfordringane, mål og strategiar, men det er berre årsbudsjettet for 2026 som er bindande for kommunestyret jf. kommunelova § 14-5.

Formannskapet hadde budsjettseminar 1. oktober, saman med kommunalsjefane. På seminaret vart det gjeve informasjon om investeringssida, drifta og utfordringane i tenesteområda. I

tillegg vart det gjeve ei orientering om digitaliseringsarbeidet i kommunen, i regi av digitaliseringskoordinatoren og tenestedesignaren. Formannskapet gav si innstilling i møtet 27. november, og dokumenta vart deretter lagt ut til offentlig ettersyn, for så endeleg å skulle handsamast i kommunestyret 16. desember. Økonomiplanen for 2026-2029 er digital og ein finn denne ved å fylgje lenka nemnt under «Dokument i saka».

Vurdering

Det generelle økonomiske biletet for dei komande åra viser eit inntektsnivå som ligg noko under det ein har sett dei siste åra, samstundes som kostnadene aukar. Kommunedirektøren legg fram eit budsjett i balanse, men under føresetnad av omfattande bruk av dei ulike fonda. Frå politisk hald er det ikkje registrert signal eller retning på kor det kan vera aktuelt å setje inn innsparingstiltak. Administrasjonen går også ut i frå at det ikkje er ynskjeleg at det blir fremma tiltak som går på struktur, så ein vil starte ein prosess for å redusere kostnadsnivået og auke produktiviteten i kommune.

Prognosemodellen til KS viser at ein kan forvente ei auke både i rammetilskot og skatteinntekter i 2026, men det er knytt usikkerheit til korleis tala vil bli for åra etter. Løns- og prisveksten har vore høg dei siste åra, og auken i rammetilskot skal kompensere kommunane for denne kostnadsauken, i tillegg til auken i pensjonsutgifter. Angrep på inntektssystemet har ein sett mange gonger, og med stort sannsyn vil temaet koma opp fleire gonger også i åra framover.

Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar og fylkeskommunar inn tal frå sine tenesteområde til Statistisk sentralbyrå. Vinje kommune er i KOSTRA-gruppe 6, som er dei mellomstore «rikaste» kommunane i Noreg. Denne rapporteringa syner ei negativ utvikling for Vinje kommune. Tabellen under syner utviklinga i produktivitet i perioden 2021-2024 for Vinje, og den synleggjer at me driv lite effektivt på så og sei alle område.

Tjenesteområde						Landet
			Diff pr innb		%-vis	%-vis
	2021	2024	21-24	Endring	21-24	økning/reduksjon
Netto driftsutg pr innb (utg. korrigert)						2021-2024
Administrasjon, styring og fellsutgifter	8 601	14 877	6 276	24 193 980	73 %	-5 %
Pleie og omsorg	35 774	39 247	3 473	13 388 415	10 %	3 %
Helse	7 851	8 696	845	3 257 475	11 %	-10 %
Barnevern	2 327	3 941	1 614	6 221 970	69 %	16 %
Grunnskole	23 604	26 280	2 676	10 315 980	11 %	0 %
Barnehage	16 916	19 067	2 151	8 292 105	13 %	-2 %
Kultur og idrett	7 555	8 491	936	3 608 280	12 %	0 %
Kirke	1 686	1 550	-136	-524 280	-8 %	-8 %
Plan, miljø	1 116	4 399	3 283	12 655 965	294 %	10 %
Brann	1 999	2 348	349	1 345 395	17 %	0 %
Samferdsel	4 052	4 683	631	2 432 505	16 %	-2 %
Endring 2021-2024	111 481	133 579		85 187 790	20 %	2 %

Om målet skal vera å bli betre kan ein ikkje samanlikne seg med «likesinna», men ein må finne andre kommunar som er «like» med lågare inntekter. Toppleiinga har vore i møte med Håvard

Moe i KS-konsulent, og vil saman med han starte ein organisasjonsutviklingsprosess, kor målet er at me skal få ein meir produktiv og kostnadseffektiv kommune, noko som vidare kan redusere rekrutteringsbyrda me står framfor. I høve til det arbeidet vil ein sjå etter kommunar som er samanliknbare i t.d. KOSTRA-gruppe 4, og driv meir produktivt og kostnadseffektivt enn Vinje. Me ser at til dømes Stranda er ein kommune Vinje kan dra nytte av å sjå nærare på. Ambisjonen er at ein skal kunne sette av midlar til disposisjonsfond, slik at kommunen i større grad er rusta for svingingar i kostnads- og inntektsnivå.

Tida fram til arbeidet med budsjett 2027 vil bli nytta til å utarbeide ein plan og legge fram ei «pakkeløysing» politikarane kan ta stilling til før sommaren. I arbeidet vil ein nytte Kommunekompasset som metode. Kommunekompasset er eit strategisk utviklingsverktøy som er utarbeidd av KS i Norge og SKR i Sverige (Sveriges kommunar og regionar). Verktøyet har eksistert sidan 1997 og blir revidera heile tida for best mogleg tilpassing til kommunal praksis.

Lønsutgiftene utgjer litt over 60 % av kommunens driftsutgifter, og høge lønsoppgjer får store utslag. Driftsnivået i Vinje er generelt på eit høgt nivå, og det blir utført ein god del oppgåver utover kva som er lovpålagt. For å oppnå budsjettbalanse er det i 2026 og for åra framover føresett ein større bruk av næringsfondet enn ein har sett tidlegare år. Ein nemner fylgjande tiltak som er føresett finansiert frå næringsfond, utover fast finansiering av næringskontoret og teknisk drift (som har ligge fast i ei årrekkje):

- Løypekøyning kr 5.000.000
- Næringsstruktur kr 3.500.000
- Gåveprofessorat kr 1.400.000
- Stønad til Rehabiliteringssenteret AiR kr 1.000.000
- Auka utgifter veterinærvakt kr 330.000
- Heim for ein 50-lapp kr 500.000
- Stillinga som Vinje-los kr 950.000
- Relocate og andre verkemiddel for Vinje-los kr 370.000
- Årleg tilskot til Vinje-senteret kr 1.500.000
- Stipendordning sjukepleiarar kr 630.000
- Tiltak i reiselivsstrategien kr 5.000.000
- I tillegg kjem nye tiltak i denne økonomiplanen som gjeld finansiering av delar av stillingar innan byggjesak og oppmåling som fell utanfor sjølvkostområdet på kr 450.000 og ombygging av kommunal bustad i Heddebru kostnadsrekna til kr 900.000.

I økonomiplanen legg ein til grunn delvis brukarfinansiering av renter, avdrag og avskrivningar gjennom sjølvkostregimet. Desse postane kjem inn med større beløp enn gebyrauka i planperioden kan dekkje, ettersom auken i talet på abonnentar kjem åra etter utbygginga er ferdig.

Budsjett og økonomiplan er sett opp i faste prisar med ein årleg kostnadsvekst (deflator) i kommunal sektor på 3,5 %. Neste års lønnsvekst er isolert sett rekna til 4,0 % (utgjer 2/3 av deflator) og prisvekst på varer- og tenestekjøp på om lag 2,8 %.

I sjølve saka går sakshandsamar nærare inn på nokon tema, og elles syner ein til teksten i budsjett og økonomiplan 2026 - 2029 i Framsikt.

Sal av særavtale- og konsesjonskraft

Vinje kommune har totalt fått tildelt ca. 305 GWh i særavtale- og konsesjonskraft, men kan berre ta ut den kraftmengda som svarar til mengda relatert til alminneleg forsyning innanfor kommunen. Fram til 2022 var forbruket innanfor kommunegrensa toleg stabilt, men dei siste åra har ein sett store svingingar grunna svært høge straumprisar som medførte at både privatpersonar og bedrifter forsøkte å redusere sitt straumforbruk mest mogleg.

- I 2022 la ein til grunn eit forventa forbruk på 145 GWh (i tråd med historiske tal), medan forbruket enda på om lag 127 GWh.
- For 2023 la ein til grunn eit forventa forbruk på 136 GWh, medan forbruket enda på om lag 131 GWh.
- For 2024 la ein til grunn eit forventa forbruk på 122 GWh, medan forbruket enda på om lag 132 GWh.
- For 2025 vart det lagt til grunn ei prognose på 138 GWh, medan forbruket ser ut til å ende på nærare 135 GWh.

For 2026 rår kraftlaga til at me legg til grunn eit forbruk på likt nivå som 2024/2025. Ein har difor valt å legge til grunn eit samla forbruk på 135 GWh som grunnlag for utrekning av kommunens budsjetterte kraftinntekter i 2026. Til grunn for budsjettet ligg ein gjennomsnittleg porteføljepreis på ca. 72 øre/kWh, og for året er ca. 70 % av kraftmengda sikra.

Inntekter til næringsfond

Det som kjem av midlar til å styrke næringsfondet er inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft» (inntektene frå KKST). Differansen mellom tildelt særavtale- og konsesjonskraft på 305 GWh og faktisk forbruk innanfor kommunen på 135 GWh (forventa forbruk i 2026) blir i utgangspunktet tilført fylket. Fylket forvaltar denne kraftmengda, og Vinje kommune får attende inntekter som svarar til ca. 12 % av årsresultatet for KKST, sjølv om kraftmengda Vinje kommune tilfører KKST utgjer over 20 %. Desse inntektene frå KKST blir tilført næringsfondet, og er venta å halde seg relativt høge i 2026. Ein legg til grunn ei fallande prognose gjennom økonomiplanperioden i tråd med prognose frå KKST. I fylgje vedtektene for bruk av næringsfondsmidlar, kan desse nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i kommunen. Dette omfattar m.a. næringsstiltak, bustadtiltak og samferdselstiltak.

Vinje kommune arbeider framleis med etablering av datasenter, og målsettinga er at ein kan ta ut all tilgjengeleg særavtale- og konsesjonskraft til eigen forvaltning. Då vil me i tilfelle ikkje

lenger få tilført inntekter til næringsfondet frå avtala med fylket/KKST, men inntektene frå eiga forvaltning av kraft vil auke monaleg.

I tillegg til inntekta frå KKST, så har kommunen forskottert nærare heile kjøpesummen for trakkemaskiner til Vinje løypelag og IL Rein. Noko blir betalt attende i 2025, og totalt skal kr 1.350.000 betalast attende til kommunen neste år og dette ligg også til grunn for budsjettet for 2026.

Eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader

Utfordringane til Vinje verken kan eller bør løysast med meir midlar, men ein vel likevel å nemne litt om innføring av eigedomsskatt. Eigedomsskatteinntekta går uavkorta til kommunen og inngår ikkje i inntektsutjamningssystemet. I motsetning til kommunale avgifter er det ikkje meirverdiavgift på eigedomsskatt.

Eit aukande tal kommunar har dei seinare åra innført eigedomsskatt for å finansiere tenestetilbodet til innbyggjarane. Samtidig har fleire av dei som alt har eigedomsskatt, utvida områda for eigedomsskatt. Vinje er blant dei drygt 100 kommunane som ikkje har skrive ut eigedomsskatt på bustad- eller fritidseigedom.

Matrikkelen er Noregs offisielle eigedomsregister med informasjon om bygningar, adresser og grunneigedom. Registeret er ikkje komplett då ein ikkje starta å føre informasjon om bygningar før omkring 1985. Eit uttrekk frå matrikkelen viser fylgjande:

Type bustad	Byggtype	Tal
Einebustad	111	1 309
Einebustad m/sokkell.-hybel	112	119
Våningshus	113	585
Tomt - landbruk		0
Del av tomannsbustad-vertikal	121	39
Tomannsbustad, horontaldelt	122	21
Småhus – 3 bust. el fleire	136	70
Store bustadbygg	141/142	0
Fritidsbygg	161	6 219
Heilårsbust nytta som fridshus	162	0
Våningshus nytta som fritidshus	163	14
Garasje _ bustad	181	1 338
Garasje/anneks hytte	182	1 120
Sum		10 834

Om ein legg til grunn ein reduksjonsfaktor på 15 % på alle takstane og eit botnfrådrag på kr 200.000 pr. godkjent bueining for bustadeigedomar, vil inntektene vera om lag kr 21,6 mill. Prognosen er basert på at skatteøret blir på 1,0 promille fyrste året jf. Eigedomsskattelova §13 1. ledd. Skatteøret kan aukast med inntil 1,0 promille kvart år framover, men ikkje meir enn 4,0 promille for bustader og fritidsbustader jf. eigedomsskattelova §11. Ut frå dei kriteria me har lagt til grunn vil eigedomsskatteinntektene med 4,0 promille vera kring kr 86,3 mill.

I tillegg kjem eigedomsskatt for ordinære forretningseigedomar.

Utgiftene til taksering av all fast eigedom er grovt anslått til ein plass mellom kr 3-4 millionar. I tillegg må ein rekne kostnader til programvare og opplæring på om lag kr 500.000. Sidan alminnelege taksering normalt gjennomførast kvart 10. år, vil dette vere ei eingongsutgift i 10-årsperioden. I åra mellom dei alminnelege takseringane vil det koma på nokon årlege utgifter til åjourhald og nytaksering av eigedommar i kommunen.

Gjeld- og finansforvaltning

Rentenivået har auka kraftig sidan våren 2022, men i 2025 har ein så langt sett to rentenedsetjingar. Forventningane for 2026 er eit rentenivå på noko lågare nivå enn gjennomsnittet for 2025 og ein vidare reduksjon på lengre sikt. Styringsrenta er no på 4,0 %, og det er lagt til grunn ei forventa NIBOR-rente på 3,67 % for 2026. Gjennomsnittleg budsjettrente for renteutgifter er lagt på 4,17 % for den delen av portefølja som ikkje har fastrente.

Kommunen har avtale med Bergen Capital Management AS som både gjelds- og finansforvaltar. Selskapet er ein uavhengig aktør i finansmarknaden og har såleis ikkje økonomiske bindingar eller eigarposisjon i selskap som kan vere aktuelle motpartar for kommunen å plassere midlar hjå. Kommunen har tidlegare plassert midlar direkte i fond forvalta av Gjensidige og seinare Nordea. Bergen Capital Management AS held seg til vedteke finansreglement og rapporterer månadleg til kommunen basert på dei kriteria som er sett i dette reglementet. Prognosar frå Bergen Capital Management AS viser ei forventa avkastning på fondsportefølja vår på 6 % i 2026.

Endringar i rammene for verksemdene / tenesteområda for 2026

I budsjettprosessen har alle tenesteområda / verksemdar kome med innspel til budsjettet og kommunedirektøren har gått i gjennom ynskja. Det er lagt inn endringar for alle tenesteområda, samt einskilte nye tiltak. Det kommunedirektøren ikkje har funne rom for ligg i eigen oversikt under kvar verksemd i økonomiplanen. Det er òg viktig å merke seg at tiltak frå tidlegare år som ikkje lenger skal liggje i ramma, eller ha annan effekt i aktuelle årstal, er inkludert i oversiktane på kvar verksemd under «Konsekvensjustert budsjett».

I mars 2023 vedtok kommunestyret å løyve eit tilskot på kr 3,5 mill. til utbetring av fylkesveg 38 mellom Åmot og Dalen. Fylket har utsett prosjektet, og etter planen skal arbeidet starte i 2027. Tilskot til dette arbeidet er ikkje lenger ein del av økonomiplanen.

Bygdevekstavtala

Bygdevekstavtala for Vest-Telemark er eit felles løft for å styrke busetjing, næringsutvikling og kompetanse i regionen. Gjennom handlingsplanar vedtekne i alle kommunestyra blir det sett i verk konkrete tiltak for fleire eigna bustader, fleire arbeidsplassar i privat sektor og meir kompetanse innan helse og oppvekst. Arbeidet er forankra i breitt samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og staten, og er eit viktig verkemiddel for å møte utfordringar i framtida i distrikta. Arbeidet blir organisert av Vest-Telemarkrådet.

Kommunane bidreg med verdifulle menneskelege ressursar i bygdevekstarbeidet, og innsatsen skal bidra til å styrke den enkelte kommune si utviklingsevne på sikt. Tilsette frå ulike sektorar deltek aktivt i arbeidsgrupper og ressursgrupper, og bidreg med fagkompetanse, lokalkunnskap og gjennomføringsevne i tett samarbeid med Husbanken, Telemark fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, NAV Vest-Telemark, Vest-Telemark vidaregåande skule, Distriktsenteret, utdanningsorganisasjonar i Telemark m.fl. Vest-Telemark-kommunane er éin av ti pilotar spreidd over heile landet.

Tilskotsordningar

Kommunen har fleire tilskotsordningar, og fylgjande blir tilrådd framover:

- **Stimuleringstilskotsordninga:** Det vart opprinneleg løyvd kr 1 mill. til denne ordninga, som er retta mot innbyggjarar over 60 år som bur langt unna helsetenester og/eller bur i bustader som ikkje er aldersvenlege. Det er så langt utbetalt kr 300.000 under denne ordninga, og det vil truleg stå att kr 700.000. Dersom det er ynskjeleg å halde fram med denne ordninga, rår ein til at restbeløp blir overført til 2026 i samband med fastsetjinga av årsresultat for 2025. Det er ikkje lagt inn noko ny løyving til denne ordninga i budsjettet for 2026.
- **ENØK-ordninga:** Som ynskt tiltak under Kultur, næring og fritid ligg det forslag om ein pott på kr 200.000 for å kunne vidareføre denne ordninga. Formannskapet vedtok å ta inn dette tiltaket.
- **Stimuleringstilskotsordninga for generasjonsskifte på gardsbruk:** Det vart løyvd kr 1 mill. til denne ordninga i 2024, og ordninga skulle utarbeidast i samband med ny landbruksplan. Saka vart handsama politisk hausten 2024. Ordninga kom såleis ikkje ordentleg i gang før i 2025, og budsjettmidlar frå 2024 vart overført til 2025. Så langt i 2025 er det utbetalt kr 600.000 frå denne ordninga. Dersom det er ynskjeleg å halde fram med denne ordninga, rår ein til at restbeløp blir overført til 2026 i samband med fastsetjinga av årsresultat for 2025. Det er ikkje lagt inn noko ny løyving til denne ordninga i budsjettet for 2026. Grunngjevinga for dette er at det ikkje ser ut til at ordninga har ført til fleire eigarskifte, då det er omsett 20-30 gardsbruk dei siste 2-3 åra utan denne tilskotsordninga.

Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkjeleg Fellesråd har behov for auke av ramma i 2026, og totalt ber dei om kr 500.000. Av denne summen skal kr 300.000 dekke løns- og prisvekst, medan kr 200.000 skal dekke innkjøp av snøfresar og to tilhengarar. Kommunedirektøren rår til at kr 6.115.000 blir overført kyrkjeleg fellesråd i 2026.

Fellesrådet har køyrd eit forprosjekt for å vurdere behovet for naudsynt vedlikehald og oppgraderingar framover. Dei vil søkje på midlar frå kyrkjebevaringsfondet, som støttar vedlikehaldsprosjekt med inntil 50 % av totalkostnad. Kommunen må stille med «garanti» for resterande beløp, og såleis ber dei om at kr 1 mill. blir sett av i 2026 til Rauland kyrkje.

Festeavgift på graver blir auka til kr 200 per år, i tråd med vedtak i Vinje kyrkjelege fellesråd.

Budsjett for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet innstiller følgjande til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek framlegg til budsjett for 2026 for Kontroll- og tilsynsverksemda i Vinje kommune med ei ramme på totalt kr 1.384.372.

Gebyrendringar

Grunngjeving for eventuelle endringar av gebyr er omtala under «Gebyr på kommunale tenester» og framlegg til gebyr for 2026 går fram av «Gebyrliste» i Framsikt. Da toppleinga hadde gjennomgang med Håvard Moe, såg me også at Vinje har noko låge gebyr på dei ulike tenestene – slik at ein bør vurdere å gjera endringar i åra framover. Eit døme på det er fritaket for gebyr ved bustadtiltak.

I gjeldande gebyrregulativ er alle tiltak knytt til bustad friteke for gebyr innan reguleringsplan, byggesak og oppmåling. Dette har vore eit verkemiddel for å stimulere til bustadbygging, men prinsippet om likebehandling tilseier at gebyrpolitikken bør vera rettferdig og føreseieleg. Det er mange søknader om bustadtiltak som fører til mykje sakshandsaming og betydeleg ressursbruk, utan at dette genererer inntekter for kommunen. Det bør difor gjerast ei vurdering av om fritaket for bustadtiltak framleis er økonomisk berekraftig, sett opp mot ressursbruken i forvaltninga. Kommunedirektøren meiner ein bør fjerne denne ordninga frå 2026.

Innkomne søknader driftsbudsjett

Det har kome inn 8 søknader til 2026-budsjettet, som er omtala i eige kapittel i Framsikt. Tiltaka er også lagt inn som forslag til tiltak under såkalla «Ynskte tiltak». 7 av søknadene ligg under Kultur, næring og fritid (verksemdsnivå kultur) medan den siste er omtala under Økonomi og samfunn.

Formannskapet vedtok å imøtekoma søknaden om tilskot til nytt kjøkken på Fjellvang.

Investeringar

Det er lagt opp til ein investeringsplan på kr 395 mill. i perioden 2026 – 2029, og av dette er det sett av kr 108 mill. i 2026. Blant dei større investeringane som er føreslått i 2026 kan ein nemne Norheimstunet, bustadfelt Øvre Heddebru/Midtveit, bru Kostveit, ferdigstille ombygging av bankbygget, starte arbeidet på Rauland skule, arbeide vidare med sjukeheim/omsorgsbustader i Åmot, ombygging av Reini til ny målgruppe og beredskapstiltak langs Tjønnegrendvegen. I tillegg har Vinje kyrkjelege fellesråd bede om kr 1 mill. som garanti når det skal søkjast midlar frå kyrkjebevaringsfondet. Vidare i økonomiplanen ligg det større investeringar knytt til utviding av sjukeheimen og omsorgssenter i Åmot, Edland barnehage, Forsvarsmuseet, nytt ventilasjonsanlegg på Vinjehuset, og eventuelt bygging/kjøp av mindre bustader for korttidsleige.

Investeringsplanen medfører at gjelda aukar med om lag 13 % i økonomiplanperioden. I 2029 går om lag 12,8 % av frie inntekter (inkludert kraftinntekter) til å betene gjeld samanlikna med 11,5 % i 2026. Av totalt investeringsbehov i 2026 på kr 108 mill., vil kr 16,5 mill. bli

finansiert med momskompensasjon, kr 12,6 mill. som tilskot frå andre, kr 0,5 mill. frå sal av eigedom (bustadtomter), overføring frå drift på kr 38 mill. (bruk av fond), medan opptak av nye lån vil utgjere kr 40 mill.

Kommunedirektøren har ikkje funne rom for alle innspel til investeringsbudsjettet og fylgjande ynskje tiltak blir presenterte her:

- Parkeringsplass for Vinjehuset og småskulen på Sandehustomta Åmot: Kostnadsrekna til kr 1 mill.
- Prøvebustad Mobø - Mikrohus: Kostnadsrekna til kr 2,5 mill. Prøvebustad/mikrohus i nytt kommunalt felt ved Mobø i samsvar med plan. Formannskapet vedtok å ta inn dette tiltaket med kr 2,2 mill.
- Ombygging Dyre Vaa-samlingane: Kostnadsrekna til kr 950.000. Prosjektet inneber ombygging av delar av Dyre Vaa-samlingane slik at bygget også kan huse utstillinga frå Skinnarlandsamlinga. Formannskapet vedtok at det skal nyttast inntil kr 3,5 mill. på Dyre Vaa/Skinnarlandsamlingane i 2027.
- Kjøkken Rauland barnehage: Det er eit ynskje om ei utviding og oppgradering av eksisterande kjøkken. Det er henta inn tilbod frå leverandør med prisantydning på om lag kr 1 mill. ekskl. mva. I tillegg er det naudsynt med noko arbeid knytt til elektro, bygg og ventilasjon/rør. Kostnadsrekna til kr 1,5 mill. totalt.

Innkomne søknader:

- Industriområdet Haukeli - asfaltering og gateljos: Kostnadsrekna til kr 2,2 mill. Kommunen ved næringssjefen og bedriftene på industriområdet har arbeidd med å gje industriområdet eit lyft. I samband med dette er det eit ynskje frå næringsaktørane at Industrivegen vert re-asfaltet og får gateljos.
- Kjøp av Utgardsvegen 24: Kostnadsrekna til kr 1,9 mill. Kommunen har blitt tilboden kjøp av Utgardsvegen 24. Det er gjennomført ein takst på eigedommen og denne er sett til kr 1,85 mill. Eigedommen er på om lag 2 mål og ligg rett nord for Norheimstunet. Den er slik sett ei lagleg tomt for framtidig bygging av omsorgsbustader eller andre bustader.

Auka avskrivningstid innanfor vatn og avløp

Frå 2026 trer nye reglar i kraft når det gjeld avskrivningstid for leidningsnett og bygg/anlegg innanfor vatn/avløp. Den maksimale avskrivningstida aukast frå 40 til 80 år på leidningsnett, medan andre anlegg (som pumpestasjonar, høgdebasseng og reinseanlegg) får maksimal avskrivningstid på 40 år. Bygningar kan no avskrivast over 50 år. Kommunen er pålagt å gjere ei vurdering av tidlegare investeringar og kan forlenge avskrivningstida for investeringar gjort i 2019 og tidlegare.

Ei forlenging av avskrivningstida på spesielt leidningsnett vil medføre noko lågare sjølvkostgrunnlag innanfor vatn- og avløp. Administrasjonen har difor gått gjennom alle anlegg og vurdert gjenståande levetid opp mot nytt reglement. Enkelte stader, i hovudsak nyare bustadfelt, er avskrivningstida utvida noko. Elles har ein behalde eksisterande avskrivningstid på 40 år på dei fleste leidningsnetta. Det er fleire grunnar til dette. Mellom anna kan framtidig samfunnsutvikling/bustadmønster, avkloakking av fleire delar av kommunen m.m. medføre trong for hyppigare utskifting av leidningar enn det den nye forskrifta legg opp til.

Frå 01.07.2025 vart momssatsen på vatn og avløp redusert frå 25 % til 15 %.

Finansielle måltal og handlingsreglar

Kommunestyret har vedteke fylgjande tre måltal:

- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter bør vere under 100 %, og vil variere frå 81 % i 2026 til 92 % i 2029 (med ein topp på 96 % i 2028).
Ein stor del av investeringane som er gjort er knytt til sjølvkostområda for vatn og avløp, og er såleis indirekte gebyrfinansierte. Ei analyse av historiske tal viser at gjennomsnittleg 30 % av investeringane kvart år har vore knytt til investeringar innom vatn og avløp. Dersom ein justerer for gjeld og inntekter knytt til sjølvkostområda, samt trekkjer ut lån til Husbanken, ser ein at måltalet svingar mellom 61 % og 77 % i økonomiplanperioden (80 % i 2028), og gir eit litt anna bilete av stoda.
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter bør vera over 5 %, og svingar mellom 5,4 % og 8,8 % i planperioden.
- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter bør vere over 1,75 %, og svingar mellom 1,9 % i 2026 og 4,2 % i 2029.

Økonomiplanen føreset ei innsparing i 2027 på kr 5,1 mill., kr 9,0 mill. i 2028 og kr 10,1 mill. i 2029, som også ligg til grunn for utviklinga i dei finansielle måltala.

Klimabudsjett

Klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjonar og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet presenterer tiltak for å redusere utslepp, utrekna effekt av tiltaka og fordeler ansvaret for gjennomføringa¹. Klimabudsjettet er ein integrert del av det ordinære budsjettet (handlings- og økonomiplanen) og fylgjast opp på lik line som andre budsjettkapittel.

Årets klimabudsjett syner kva tiltak kommunedirektøren rår til at blir gjennomført i 2026, og kva tiltak som er prioritert i fireårsperioden 2026-2029. Alle tiltaka i dei ulike tabellane i klimabudsjettet vil bidra til å redusere klimagassutsleppa i kommunen sjølv om svært få har ein talfesta utsleppsreducerande effekt.

Klimabudsjettet tek utgangspunkt i tiltak på direkte og indirekte utslepp knytt til kommunens eiga drift. Dette er gjort for å sjå klimarekneskapet og klimabudsjettet i samanheng, og på den måten få nytte dette som styringsverktøy i arbeidet med å nå klimamåla. Det er også lagt inn tiltak på samfunnsnivå, då kommunen har eit overordna samfunnsansvar for å bidra og leggje til rette for å nå dei regionale og nasjonale klimamåla.

Mottak av flyktningar

Kommunestyret handsama sak om «Status for mottak av flyktningar for 2025 og 2026» i september. Sidan den gong har Imdi kome me ei oppmoding om at Vinje kommune tek imot 23 flyktningar i 2026. Saka i september baserte seg på mottak av 15 flyktningar i tråd med dei

¹ <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/hva-er-et-klimabudsjett/>

signala ein hadde på den tida, og budsjettet for 2026 som er framlagt i denne saka baserer seg også på dette talet.

Administrasjonen har gjort nye vurderingar og kan føye til denne informasjonen:

- Me har ein stor bustad i Åmot som kan romme minst 5 personar. Denne bustaden vart ledig tidlegare i haust. Dette er ein bustad som er eigna til ein stor familie, eller som bufellesskap for einslege flyktningar.
- Me ynskjer at det skal vera ei blanding av flyktningar på vaksenopplæringa då dette fremmer norskopplæringa. Me ynskjer også at Vinje skal vera ein kommune som opprettheld kompetanse på å ta imot flyktningar frå andre land enn Ukraina i framtida. Me er bekymra for at viss det berre kjem flyktningar frå Ukraina til Vinje, så vil Vinje når krigen i Ukraina tek slutt, ikkje lenger vera ein kommune som lmdi vil sjå på som aktuell for å busetje flyktningar i.
- Dersom me aukar busetjinga frå 15 til 20 personar så vil me kunne oppretthalde ei 50 % stilling som Ukrainsk miljøarbeidar. Dette vil lette busetjingsarbeidet i vesentleg grad og også kunne gi noko innsparing på tolkeutgifter. Me ser at kvaliteten på mottak og oppfylging av ukrainske flyktningar, særleg dei fyrste 6-8 månadene, blir best dersom flyktningkonsulenten har eit samarbeid med ein miljøarbeidar som snakkar same språk som dei nye flyktningane.
- Vinje kommune vil ved mottak av 20 flyktningar i staden for 15, få ei inntekt på ca. kr 1.250.000 meir enn budsjettet tek høgde for. Integreringsbudsjettet vil måtte styrkast med ca. kr 800.000 til introduksjonsstønad og etableringstilskot, samt noko auka lønsbudsjett til ein miljøarbeidar. Resten av meirinntekta kan setjast av til integreringsbuffer.

Altså vil det å auke busetjing frå 15 til 20 flyktningar:

- Styrke både økonomien og kvaliteten på integreringsarbeidet.
- Vera strategisk klokt for på sikt å kunne oppretthalde ei flyktningsteneste i Vinje med kompetanse på andre flyktningar enn berre ukrainarar.
- Det vil ikkje belaste bustadsituasjonen eller andre kommunale tenester nemneverdig.

Argument for ikkje å ta imot 23 flyktningar er:

- Dette vil medføre auka kostnader til ytterlegare ein flyktningkonsulent, samt auka utgifter til etableringstilskot og introduksjonsstønad som samla overstig meirinntekta.
- Det vil auke presset i høve til bustader og eventuelt også medføre auka kostnader for vaksenopplæringa.

Oppsummering

Formannskapet legg fram eit driftsbudsjett i balanse med ei totalramme på kr 840 mill. i 2026, og ein investeringsplan på kr 108 mill. i 2026 og kr 395 mill. i planperioden. Det blir føreslått prisauke på gebyr og tenester slik det går fram av «Gebyrliste» i *Framsikt*. Dei gebyra som ikkje er omtala her blir fastsett sentralt gjennom rundskriv, lovar og regelverk.

Tilleggsinformasjon etter oppstart av politisk saksbehandling:

Kommunen mottok nytt eidegdomsskattegrunnlag 14. november. Basert på dette kan inntektsbudsjettet frå eidegdomsskatt på «verk og bruk» aukast med 2,1 mill. kr. Vidare er det pr 2.12.25 ei budsjettavtale mellom Arbeidepartiet, Raudt og Senterpartiet som viser styrking av rammetilskot for Vinje kommune med kr 2,4 mill. Det ligg dermed til rette for å styrke disposisjonsfondet tilsvarande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtek forslag til Årsbudsjett 2026 og økonomiplan / handlingsprogram 2026 – 2029 slik det ligg føre i innstillinga frå kommunedirektøren.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimale satsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtek fylgjande for eidegdomsskatteåret 2026 i Vinje kommune:
 - a. Det skal skrivast ut eidegdomsskatt jf. Eidegdomsskattelova (Esktl.) § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - b. Den alminnelege eidegdomsskattesatsen er 7 promille, jf. Esktl. §§10 og 11 fyrste ledd.
 - c. Takstvedtekter for eidegdomsskatt i Vinje kommune vedtekne i kommunestyret 13.12.2018 skal gjelde, jf. Esktl. § 10.
 - d. Eidegdomsskatten forfell til betaling i to terminar, jf. Esktl. § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 1. april og andre termin er 1. september.
4. Vinje kommune tek opp lån kr 40 mill. for å finansiere varige driftsmidlar, jf. Kommunelova § 14 – 15 fyrste ledd.
5. Vinje kommune tek opp startlån kr 10 mill. i Husbanken, som skal nyttast til vidareutlån.
6. Kommunale prisar og gebyr blir vedtekne slik det går fram av «Gebyrliste» i Framsikt. Ordninga med fritak for alle tiltak knytt til bustad innan reguleringsplan, byggesak og oppmåling, vert fjerna.
7. Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing skal ha 100 % kostnadsdekking. Det same skal gjelde også for utsleppsløyve.
8. Kommunestyret vedtek mål og satsingsområde for 2026, slik det går fram av eige kapittel i økonomiplanen i Framsikt.
9. Tilskot til drift for Kyrkjeleg fellesråd utgjer kr 6.115.000 i 2026. Festeavgift går fram av «Gebyrliste» i Framsikt.
10. Kommunestyret vedtek framlegg til klimabudsjett for 2026 - 2029.
11. Vinje kommune tek imot 15 flyktningar i 2026. I tillegg kjem familieegjenforeining. Ungdomsrådet si handsaming av sak 26/2025 i møtet den 17.11.2025

Røysting

Framlegg frå ungdomsrådet:

- Særs viktig å ikkje fjerne tilbod om gratis skulemat.
- Viktig å behalde støtte til klassetur til Tyskland/Polen i 10. klasse
- Ungdomsrådet er samde i at prisane i kulturskulen skal aukast.
- Prioritere å ikkje kutte oppvekst og helse.
- Kostnadane for arkeologiske utgravingar i samband med GS Vinjeflaten, er for høge og bør ikkje prioriterast.
- Ikkje kutte ungdomsklubbar.
- Auke støtte til idrettslag.
- Ikkje kutte i matansvarlege i barnehagen.
- Ikkje utføre ytterlegare kutt i ordninga heim for ein 50-lapp.

Framlegget blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdomsrådet har følgjande innspel til budsjettet for 2026:

- Særs viktig å ikkje fjerne tilbod om gratis skulemat.
- Viktig å behalde støtte til klassetur til Tyskland/Polen i 10. klasse.
- Ungdomsrådet er samde i at prisane i kulturskulen skal aukast.
- Prioritere å ikkje kutte oppvekst og helse.
- Kostnadane for arkeologiske utgravingar i samband med GS Vinjeflaten, er for høge og bør ikkje prioriterast.
- Ikkje kutte ungdomsklubbar.
- Auke støtte til idrettslag.
- Ikkje kutte i matansvarlege i barnehagen.
- Ikkje utføre ytterlegare kutt i ordninga heim for ein 50-lapp.

Eldrerådet si handsaming av sak 24/2025 i møtet den 18.11.2025

Røysting

Framlegg frå eldrerådet:

Stimuleringstilskotsordning retta mot innbyggjarar over 60 år som bur langt unna helsetenester og/eller bur i bustader som ikkje er aldersvenlege, må vidareførast i 2026.

Framlegget frå eldrerådet blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Eldrerådet har følgjande innspel til budsjettet 2026:

Stimuleringstilskotsordning retta mot innbyggjarar over 60 år som bur langt unna helsetenester og/eller bur i bustader som ikkje er aldersvenlege, må vidareførast i 2026.

Rådet for personar med funksjonsnedsettingar si handsaming av sak 18/2025 i møtet den 19.11.2025

Røysting

Framlegg frå rådet for personar med funksjonsnedsettingar:

Rådet tek budsjettet for 2026 til vitande, og støttar kommunen sitt arbeid for å redusere framtidig pengebruk.

Framlegget frå rådet blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet tek budsjettet for 2026 til vitande, og støttar kommunen sitt arbeid for å redusere framtidig pengebruk.

Arbeidsmiljøutvalet si handsaming av sak 23/2025 i møtet den 25.11.2025

Røysting

Framlegg frå arbeidsmiljøutvalet:

Arbeidsmiljøutvalet har ingen merknader til kommunedirektørens framlegg.

Framlegget frå utvalet blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsmiljøutvalet har ingen merknader til kommunedirektørens framlegg.

Formannskapet si handsaming av sak 99/2025 i møtet den 27.11.2025

1. Kommunestyret vedtek forslag til Årsbudsjett 2026 og økonomiplan / handlingsprogram 2026 – 2029 slik det ligg føre i innstillinga frå kommunedirektøren.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimale satsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtek fylgjande for eigedomsskatteåret 2026 i Vinje kommune:
 - e. Det skal skrivast ut eigedomsskatt jf. Eigedomsskattelova (Esktl.) § 3 fyrste ledd bokstav c.
 - f. Den alminnelege eigedomsskattesatsen er 7 promille, jf. Esktl. §§10 og 11 fyrste ledd.
 - g. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Vinje kommune vedtekne i kommunestyret 13.12.2018 skal gjelde, jf. Esktl. § 10.
 - h. Eigedomsskatten forfell til betaling i to terminar, jf. Esktl. § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 1. april og andre termin er 1. september.
4. Vinje kommune tek opp lån kr 40 mill. for å finansiere varige driftsmidlar, jf. Kommuneleva § 14 – 15 fyrste ledd.
5. Vinje kommune tek opp startlån kr 10 mill. i Husbanken, som skal nyttast til vidareutlån.
6. Kommunale prisar og gebyr blir vedtekne slik det går fram av «Gebyrliste» i Framsikt. Ordninga med fritak for alle tiltak knytt til bustad innan reguleringsplan, byggesak og oppmåling, vert fjerna.
7. Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing skal ha 100 % kostnadsdekking. Det same skal gjelde også for utsleppsløyve.
8. Kommunestyret vedtek mål og satsingsområde for 2026, slik det går fram av eige kapittel i økonomiplanen i Framsikt.
9. Tilskot til drift for Kyrkjeleg fellesråd utgjer kr 6.115.000 i 2026. Festeavgift går fram av «Gebyrliste» i Framsikt.
10. Kommunestyret vedtek framlegg til klimabudsjett for 2026 - 2029.
11. Vinje kommune tek imot 15 flyktningar i 2026. I tillegg kjem familiegjenforeining.
12. Kommunestyret forventar budsjettkontroll på Helse og meistring.
13. Veke 10 Sei det til nokon-veka får kr. 120.000,- for 2026. Inndekning frå disposisjonsfondet. Kostnadene til Veke 10 blir innarbeid i budsjettet for 2028.
14. Vinje kommune gjev ikkje støtte til arkeologisk utgraving på Vinjeflaten. Summen frå Kommunedirektøren sin ramme på kr. 1,5 million blir tilført disposisjonsfondet.
15. Tilskottsramme til landbruket blir auka med kr. 500.000,-. Inndekning frå disposisjonsfondet.
16. Kommunestyret løyver kr. 25.000,- til nytt kjøkken på Fjellvang. Inndekning frå disposisjonsfondet.
17. Ny stilling som barnehagefagleg konsulent blir utsett i påvente av den varsla heilskaplege gjennomgangen av alle sider ved kommunen sin økonomi i 2026. Den avsette summen til stillinga for 2026 på kr. 450.000,- blir tilført disposisjonsfondet.
18. Kommunestyret løyver kr. 350.000,- til nytt utstyr i treningsromma i kommunen i samsvar med ønskt tiltak under Helse og meistring. Inndekning frå disposisjonsfondet.
19. Vinje kommune kjøper eit mikrohus til bustadfeltet Vaffelhjartet – Mobø. Huset skal fungere som kommunal prøvebustad etter modell frå prøvebustaden i Øyfjell. Det blir løyvd kr. 2,2 million med inndekning frå Næringsfondet.
20. Forprosjekt sentrumsutvikling Haukelikrysset blir flytta frå 2026 til 2027. Summen på kr. 400.000,- blir tilbakeført på Konsesjonsavgiftsfondet.
21. Posten «Kullen bak Helsesenteret» på kr. 6 million i 2027 går ut av økonomiplanen.
22. ENØK til private på kr 200 000,- Inndekning frå næringsfondet.
23. Vinje kommune brukar inntil 3,5 millionar på Dyre Vaa/Skinnaarlandsamlingane i 2027.